# Førde IL Fotball

## Klubbhåndbok

# Klubbhåndbok
# Førde IL Fotball


1. Klubbens visjon, verdiar, mål og Fair play ..... 2
Visjon ..... 2
Verdiar ..... 2
Mål ..... 2
Fair-Play ..... 2
2. Klubbens organisering ..... 3
Årsmøte ..... 3
Valgkomité ..... 3
Kontrollkomité ..... 3
Styret ..... 3
Administrasjon ..... 4
Andre klubbrollar ..... 5
Utvalg ..... 6
Andre mandat ..... 7
3. Lagsorganisering ..... 7
4. Klubbdrift ..... 8
Fakturering ..... 8
Treningsavgift ..... 8
Div inntekter, akademi, fotballskule o l. ..... 8
Dugnad ..... 8
Politiattest ..... 8
Skader/Forsikring ..... 9
5. Økonomi – plan for økonomistyring ..... 11
6. Kommunikasjon ..... 11
7. Årshjul ..... 12
8. Utdanning ..... 13
9. Anlegg ..... 14
10. Heime og bortekampar ..... 14
11. Trygge rammer ..... 15
Varslinger ..... 15
Retningslinjer og håndtering av uønska hendelser ..... 16

# Klubbhåndbok
# Førde IL Fotball

## 1. Klubbens visjon, verdiar, mål og Fair play

### Visjon
Førde IL Fotball sin visjon er «ein del av noko større».

I Førde IL Fotball er ein del av eit stort fellesskap. Alt vi gjer, alt vi besluttar og alt vi styrar etter skal skje med fokus på fellesskapet. Å vera ein del av noko større betyr hos oss at ein av og til må sjå utover sitt eige lag, si eiga gruppe og drive slik klubben meinar er det beste for alle. Det betyr også at me heiar på kvarandre, unnar kvarandre og hjelper kvarandre i kvardagen, på og utenfor banen.

### Verdiar
GUTS er samlebegrepet på våre verdiar. Med dei verdiane meinar vi at våre medlemmer skal ha GUTS

- til å stå for våre verdiar
- til å seie i frå og stå opp for kvarandre
- til å vise positivt engasjement

Vi definerar våre verdiar slik:

**G**lede – Alle skal ha det gøy på og utenfor banen.

**U**tvikling – Førde IL Fotball ynskjer å utvikla spelarar og leiarar på alle nivå. Det er viktig for oss at alle får eit godt tilbod uansett ambisjon og utgangspunkt. Alle får utvikla seg, både som spelar og menneske.

**T**ryggleik – Alle våre medlemmar, våre besøkande dommarar og motstandarar skal oppleva ein trygg fotballkvardag. Det skapar vi gjennom gode holdningar, respekt og Fair play.

**S**amhald – Vi skal lukkast saman ved å ta vare på kvarandre. Vi skal vera gode saman gjennom å inkludere, respektere og heie på kvarandre i heile klubben.

### Mål
Førde IL fotball har som mål:


- å stå for sunne haldningar etter Fair Play-prinsippet og våre verdiar.
- å gje eit godt tilbod til barn og unge tilpassa den enkelte sitt nivå.
- å gje eit godt utviklingstilbud i ungdom- og seniorklassane
- å vere eit stabilt 2. divisjonslag på herresida og stabilt 3.divisjonslag på damesida, med stort innslag av lokale spelarar

### Fair-Play
Fair play Fair Play handlar om korleis vi oppfører oss mot kvarandre. Dette gjeld både på og utanfor bana. I Førde IL fotball skal alle vise gjensidig respekt og tillit til kvarandre. Det verdigrunnlaget vi har vedteke, skal visast att gjennom alle handlingar vi gjer. Dette gjeld om du er spelar, trenar, lagleiar, sit i styret eller er med som foreldre eller støtteperson.

I sportsplanen står det beskrevet kva vi forventar av roller og kva som er viktig i vårt Fair play-arbeid.

# Klubbhåndbok
# Førde IL Fotball

## 2. Klubbens organisering




**Årsmøte**
Årsmøtet i hovudlaget er klubben sitt høgste myndigheit og vert gjennomført kvart år i mars månad. Fotballgruppa gjennomfører sitt årsmøte i februar. Innkalling blir annonsert i på vår heimeside og Facebook. Årsmøtet legg grunnlaget for styret sitt arbeid. Alle som ynskjer å vera med på å bestemme kva klubben skal gjera, og korleis den skal drivast, bør delta.

Alle som er medlem i Førde IL (1 månad i førevegen) har stemmerett på årsmøtet.

**Valgkomité**
Fotballgruppa har eigen valgkomité der årsmøtet til fotballgruppa utnevner to personar som får i oppgåve å koma med innspel til sammensetning av styret til komande årsmøte.

**Kontrollkomité**
Det er hovedlaget som har kontrollkomité i klubben.

**Styret**
Styret sin viktigaste funksjon er å legge til rette for optimale rammer rundt aktivitet i klubben.

**Styret sine viktigaste oppgåver:**

- Leie klubben sine mål- og strategiarbeid
- Ha økonomisk kontroll og leie drifta
- Sørge for riktig organisering og styresamansetning - og effektive underutval
- Følge idretten sine lover og representere klubben utad
- Legge til rette for å rekruttere flest mogeleg, halde på dei over tid, samt utvikle gode fotballspelarar

**Styreleder**

- Overordna ansvarleg for styrearbeidet i klubben

- Fastsette agenda for styremøte og leie styremøte.
- Planlegge og ivareta klubben si totale drift, mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap
- Klubbens pressekontakt.
- Representere klubben utad i tråd med klubbens verdiar.
- Ansvar for oppfølging av dagleg leiar og den daglege drifta.

**Nestleder**

- Overtar ansvaret for den overordna leiinga når styreleder er borte.
- Ellers definerte oppgåver som andre styremedlem.

**Styremedlem og varamedlem**

- Ta del i styrets definerte oppgåver innan mål- og strategiarbeid.
- Ansvar for klubbens visjon- og verdiarbeid.
- Legge til rette for gode rammer for heile klubben.
- Representere klubben utad.

Eit fleirtal av Styret sine medlemmar skal ha kompetanse frå NFF Leiarkurs 1 som eit krav i NFF Kvalitetsklubb.

**Administrasjon**
**Daglig leder**

- Ansvar for dagleg drift, her under oppfølging av administrative rutinar
- Personalansvar
- Koordinere budsjettarbeidet, gjennomføre i tråd med styre- og årsmøtevedtak.
- Rapportere på styremøte, foreslå tiltak dersom det er vesentlege avvik frå budsjettet.
- Dagleg kontakt med rekneskapsførar og rekneskapskontor
- Den daglege kontakten med fotballkretsen, NFF, idrettskretsen og NIF.
- Overgangsansvarleg
- Ansvarleg for politiattestordninga
- Ansvarleg for at klubbhandboka vert ajourført og redaktør for klubben eller gruppas heimeside
- Leie og koordinere økonomiarbeidet i samarbeid med styreleiar.

**Sportslig leder**

- Ansvar for den sportslige aktiviteten i klubben
- Ansvar for å ajourføre klubbens heimeside
- Ansvar for å ajourføre og kommunisere ut klubbens sportsplan og klubbhåndbok
- Ansvar for å håndtera uønska hendingar i forbindelse med fotballaktiviteten i klubben
- Ansvar for å følge opp trenarar og lagleiarar

**Spiller- og trenerutvikler**

- Tilby og gjennomføra trenarkurs

- Skulera og fylgja opp trenarveilederar
- Veilede trenarar på lag i årsklassen 14 til 16 år
- Utdanna og fylgja opp nye trenarar for 6-årsklassen
- Ansvar for oppstartsaktiviteten for nye 6-åringar
- Fylgje opp dei fremste spelarane i ungdomsfotballen
- Ansvar for hospitering
- Kretskontakt
- Ansvar for gjennomføring av ekstratilbud

## Andre klubbrollar

### Rekrutteringsansvarleg

- Ansvaret for å invitere til, organisere og gjennomføre treningar for 6-åringar.
- Invitere, organisere og gjennomføre foreldremøte ved oppstart

### Trenarveileder

- Følge opp og veilede trenarane i klubben.
- Sikre at klubbens trenarar følger klubbens sportsplan.
- Delta og bidra på trenarforum.

### Dommarutviklar

Dommarutviklar si viktigaste oppgåve er å ha god kontakt og godt samarbeid med:

- Klubbens dommarar
- Klubbens styre og administrasjon
- Lagleiarar og trenarar
- Fotballkretsen.

Fokuset er på å skapa eit godt dommarmiljø. Oppgåvene til dommarutviklar er:

- Rekruttere og behalde nok dommarar i forhold til antall lag.
- Legge til rette og tilby dommarkurs til dei som ønskjer det, følge opp og veilede desse i kampar.
- Tilby dei som har ambisjonar og talent vidare oppfølging og etterutdanning i nært samarbeid med kretsen.
- Ansvar for at dommarane har ein naturlag plass i klubbmiljøet på lik linje med spelarane.
- Ansvar for at utstyr til dommarane inngår i klubbens utstyrsavtale.
- Tilrettelegge treningsmuligheter for dommarane, gjerne saman med laga til klubben, herunder og deltaking på treningsleir.
- Koordinator/bindeledd mellom klubbane i nærområdet

### FIKS-ansvarleg

- Melde på lag i januar/mars, i samarbeid med leiar aldersbestemt og vaksenfotball
- Registrere spelarar det året dei fyller 11 år

- Ansvarleg for at alle trenarar og lagleiarar står som aktive i FIKS
- Utføre overgangar av spelarar til og frå klubben
- Ansvarleg for at lagleiar som skal registrere elektronisk kamprapport har rettar som «klubbrukar»
- Sørge for at alle brukarar i FIKS får naudsynt opplæring i FIKS til og utføre sine oppgåver
- Søke kretsen før seriestart om bruk av eventuelle overårige spelarar i barne-og ungdomsfotballen

**Kvalitetsklubbansvarleg**

- Ha inngåande kunnskap om konseptet og vera pådrivar for å kommunisere kva NFF legg i god kvalitet i planverket til klubben i praksis.
- Vera den overordna kontaktpersonen i klubben mot krets og forbund på spørsmål knytt til konseptet.
- Følge opp dei standardar som er sett i systemet med tanke på implementering og etterleving av verdiarbeidet til klubben i praksis.
- Orientere styret om status på NFF Kvalitetsklubb på hausten og våren.
- Følge opp og utbetre eventuelle avvik i kriteria
- Involvera aktuelle rollar i besvarelsen under oppfølging og re-sertifisering.

**Fair play-ansvarleg**

Overordnet ansvarsområdet:

- Bindeledd mellom styret og laga i klubb.
- Kommunikasjon med krets og forbund
- Samarbeid med andre klubbar i kretsen

Praktiske ansvarsområder:

- Synleggjere Fair Play i klubbens sportsplan, håndbok og verdidokument.
- Påsjå at anlegga har eit Fair Play preg.
- Bestille Fair Play effekter.
- Bistå ved Fair Play–kvelder i klubb for spelare/foreldre/trenare.
- Sikra at dei roller som skal gjennomfører Fair play-kurs
- Bistå lagleiarar og trenarar ved konkrete episoder.
- Sørge for at rutinar for kampavvikling overholdes i alle klubbens kampar.

**Utvalg**
**Sportsleg utvalg**

Dette utvalget er leia av sportsleg leiar i klubben. Med i utvalget velger styret ein representant som er i fotballstyret, og rekrutterar to andre representantar. Det er viktig at utvalget representerer begge kjønn.

**Mandat**

# Klubbhåndbok
# Førde IL Fotball

Sportsleg utvalg (SU) i Førde IL Fotball har fått mandat frå styret i fotballgruppa til å drifte fotballaktiviteten i henhold til dei rutinar og retningslinjer som er beslutta. SU har altså overtatt ansvaret for den sportslige aktiviteten i klubben, med den begrensning at det skal vera i tråd med det som er vedtatt i sportsplan og klubbhåndbok. Om SU gjer endringar i sportsplanen, skal det framvisast til styret og får det godkjent. Det er SU, saman med sportsleg leiar, dagleg leiar og spelarutviklar som landar trenarar til barn, ungdom og senior. I barnefotballen er barnefotballansvarleg også orientert. Sportsleg leiar og dagleg leiar sluttfører alle avtalar.

**Fair play-utval**

Dette utvalget er leia av Fair play-ansvarleg i klubben. Om Fair play-ansvarleg ikkje er i styret, velger styret ein representant som er i fotballstyret. I tillegg skal dei rekruttera to andre representantar.

**Mandat**

Fair play-utvalget i Førde IL Fotball har fått mandat frå styret i fotballgruppa til å overordna vera ansvarleg for det forebyggande arbeidet klubben skal gjera innan samfunns- og verdiarbeid. Det er utvalget som har det overordna ansvaret for å setta i gang forebyggande tiltak, aktivitetar og sjå til at alle lag følger det som er vedteke i sportsplan og klubbhåndbok gjeldande Fair play.

Utvalget kan ikkje beslutta ana enn det som er vedteke i klubbhåndbok og sportsplan. Eventuelle endringar må takast opp i styret.

### Andre mandat

**Spelar- og trenarkontraktar i Førde IL Fotball**

Det er dagleg leiar og sportsleg leiar som er ansvarlig for å tilby, forhandle og sluttføre kontraktar med spelarar og trenarar i klubben.

Styret setter dei økonomiske rammene for heilheten. Utover det har dagleg leiar og sportslig leiar mandat til å gje tilbud til dei ein finn det rett å tilby økonomisk kompensasjon til for si rolle i klubben.

Styreleder og styremedlem med ansvar sport skal kunne få innsyn i kontraktane.

## 3. Lagsorganisering

Våre lag er organisert i ein profil med fokus på samhold og utvikling. Det er kun våre to a-lag på senior som har resultatfokus. Vi skal gje eit breitt tilbod til alle som har lyst til å spele fotball, samstundes som vi skal legge til rette for spelarar som ønskjer å utvikle seg optimalt.

Det er sportslig leiar, saman med spelarutviklar, som har det overordna ansvaret for drift av alle lag.

Vi melder på lag i ulike nivå (1.div & 2.div) og med ulike spelformer (11ar, 9ar, 7ar) slik at alle våre spelarar skal få spele på eit nivå som passar dei. Vi ønskjer å gje alle utøvarar meistring og utfordring på trening og i kamp.

Lagsorganiseringa er vidare forklart i sportsplanen.

# Klubbhåndbok
# Førde IL Fotball

## 4. Klubbdrift

Me er styrt av hovedlagets lover. Les Førde IL sine lover her.

### Fakturering

Fakturering blir utført av rekneskapsansvarleg i klubben.

### Treningsavgift

Treningsavgift blir sendt ut via Min idrett (Norges fotballforbund). Nivået kvart år blir vedtatt på årsmøtet året før, og er lagt ut på klubbens nettside. Det er pålagt å betala treningsavgift før ein spelar kampar.

Klubben har gode ordningar for støtte knytta til avgifter og andre utlegg i forbindelse med fotballaktiviteten i Førde IL Fotball. Det som er viktig er at ein tar kontakt med dagleg leiar, styreleiar eller sportsleg leiar, slik at klubben får nødvendig informasjon og kan tilrettelegge godt.

### Div inntekter, akademi, fotballskule o l.

Betaling til akademi og fotballskular blir gjort via nettsidene til klubben, forde-fotball.no.

### Lagsutgift og lagsinntekt

Klubben dekker lagspåmeldinga til ordinært seriespel, eit lag på vinterserie i ungdomsklassen, eit lag på KM Futsal per årsklasse og påmeldingsavgifta til adidas cup. Utover det må kvart enkelt lag organisere betalinga sjølv.

Premiepengar frå turneringar klubben dekker og turneringar i regi av fotballkrets skal gå tilbake til klubb.

### Dugnad

For å få løyst dei nødvendige oppgåvene i klubben, og for økonomien til klubben sin del, har me definert ulike forventningar knytta til dugnadsarbeid i klubben.

Våre lag er også basert på foreldredrift og me oppfordrar alle til å engasjere seg i sine barns lag. Det kan gjerast gjennom å påta seg roller, som me er avhengige av, eller ved å stille opp for å heie og støtte på trening og kamp.

**Dei pålagte dugnadane i Førde IL Fotball, er:**

- 1 foresatt per barn- og ungdomsfotballspiller skal delta på dugnad i forbindelse med Førde cup
- Dugnad i forbindelse med konglerike – barnefotball 6-9
- Dugnad i forbindelse med seniorkamper – barnefotball 10-12 og ungdomsfotball

Det vil bli laga dugnadslister og ordningar tilknytta konglerike og serniorkampar.

### Politiattest

Alle personer over 15 år, som utfører oppgaver som innebærer et ansvars- eller tillitsforhold overfor mindreårige eller mennesker med utviklingshemming, skal fremvise politiattest uten anmerkninger.

# Klubbhåndbok
# Førde IL Fotball

Politiattestansvarleg i Førde IL Fotball: Per Øyvind Storevik
E-post: per.oyvind.storevik@fordeidrettslag.no
Telefon: +47 918 19 543

**I Førde IL Fotball gjeld det følgande rollar:**

Styrerollar, ansatte, klubbrollar, trenar og lagleiar.

**I Førde IL Fotball blir ordninga handtert på følgande måte:**

Politiattest må alltid søkes om på politiets nettsider.

Politiattestansvarleg vil senda formålsskjemaet til søkaren digitalt. Om du brukar Digipost, kan politiattesten framvisast digitalt. Meir om idrettens digitale tjeneste finner du her.

Er du under 18 år, må du også legge ved en et dokument fra foresatte som bekrefter at de er informert om søknaden. Dette gjelder alltid når søker er under 18 år, uavhengig om du bruker idrettens digitale politiattesttjeneste eller søker på tradisjonelt vis. Denne bekreftelsen finner du på politiets nettsider.

Representantane som er involvert har taushetsplikt om opplysningar dei får kjennskap til. Innhenting av politiattest er gratis.

### Skader/Forsikring

Fotballforsikringa inkluderer fotballspelarar i alle aldrar.

For spelarar under 12 år er det krav om at spelarane er registrert som medlem av ein fotballklubb tilknytt Norges Fotballforbund. Det er derfor svært viktig at foreldre sjekkar at den aktive er registrert medlem av Førde IL, og at medlemsavgifta er betalt. Dersom ikkje er den aktive per definisjon ikkje rekna som registrert medlem.

Frå og med 2015 brukar Førde IL Klubbadmin som medlemsregister. Innmelding i Førde IL skjer derfor via Min Idrett.

Spelarar som har fylt 13 år må vere registrert i FIKS som aktive med lagsforsikring inneverande sesong for å vere dekka av forsikringsordninga. Klubben betalar lagsavgifta for alle lag frå og med 13 år, og er blant anna ein av av grunnane til at det må betalast treningsavgift. Det er klubben sitt ansvar at alle spelarar er registrert som aktive med lagsforsikring i FIKS.

Ansvarleg for FIKS i Førde IL Fotball er dagleg leiar.

Les meir om Fotballforsikringa her.

### Utvida fotballforsikring

Alle kan kjøpe ei utvida fotballforsikring. Pris og informasjon om ordninga finner du også på www.fotballforsikring.no.

### Ved ein skadesituasjon

Når det oppstår ein skade på treningsfeltet eller i kamp, skal ein utføre akutt skadebehandling. Ofte betyr det å ise ned skaden og legge på kompress. Dersom det er ynskje om bistand/hjelp til korleis ein skal behandle skaden, kan ein ringe Idrettens Skadetelefon (IST) på tlf. 02033.

Spelar/forelder/føresett skal deretter fylle ut skademeldingsskjema. Det gjer ein her: https://www.gjensidige.no/meld-skade/idrettsforsikring.

IST tar kontakt med spelaren eller kontaktperson. IST tar seg også av bestilling av all utredning og behandling. IST følgjer opp spelar til etter gjennomført behandling.

Det er svært viktig at skademeldingsskjemaet vert fylt ut så snart som mogeleg etter skaden har skjedd, og hendinga må registrerast gjennom dette skjemaet for at den skadde skal vere dekka av forsikringa!

### Fotballprogramhefte

Programhefte blir laga i samband med A-lag herrer sine heimekampar. I tillegg annonserer klubben i lokalavisa kvar veke i sesongen, både borte- og heimekampar. Dette gjeld både herrer og damer.

### Årsmelding

Årsmelding frå kvart av laga i Førde IL Fotball skal leverast på e-post til per.oyvind.storevik@fordeidrettslag.no innan 1.desember. Årsmeldinga skal vere maks 1.side, og vil bli lagt ut på nettsida til klubben i Årsmeldinga til Førde IL Fotball. Del gjerne Årsmeldinga inn etter desse tre følgjande hovudpunkta:

**Sportsleg:**

- Oversikt spelarar i året som har gått
- Gjerne lagbilete
- Gjerne resultatoversikt
- Deltaking på arrangement, cupar etc.
- Frammøte trening og arrangement
- Trivsel, sosiale fellesaktivitetar, miljøtiltak i laget

**Økonomi:**

- Dugnader, loddsal, køyring til bortekampar.
- Andre inntektskapande aktivitetar.

**Administrativt:**

- Oversikt leiarar/trenarar/støttegruppe
- Samarbeid nærliggande lag/gruppe, styret
- Informasjonsflyt i laget/gruppa
- Kort konklusjon av sesongen

Unngå personlege opplysningar om spelarane, eller negativ omtale av andre.

## 5. Økonomi – plan for økonomistyring

Førde IL Fotball er rekneskaps- og revisjonspliktig som ei undergruppe til Førde IL.

Idrettslag med årleg omsetnad på under kr 5 millionar skal følgje NIF sine rekneskaps- og revisjonsreglar. Andre idrettslag skal følgje rekneskapsreglane i rekneskapslova og revisjonsreglane i revisorlova, og skal engasjere revisor og velje kontrollkomité. Kontrollkomiteen sine oppgåver følgjer av NIF-lova § 2-12.

Styret legg føringar for økonomistyring i klubben. Dagleg leiar har det løpande ansvaret for økonomirapportering, økonomisk utvikling og resultatforbedring i klubben. Regnskap blir ført av autorisert regnskapsfører (eksternt eller internt), og rapportar blir utarbeidde pr 2.mnd. Utbetalinger blir utført av dagleg leiar, ved større utbetaling attestert av styrets leiar.

Bankkonti skal vere knytt til idrettslaget og skal disponerast av to personar i fellesskap (dagleg leiar og sportsleg ansvarleg pr i dag). Nettbankavtale på alle konti, pliktig skattetrekkskonto samt ocr avtale. Innbetaling av treningsavgift foregår frå Min idrett til eigen konto. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer kontoane.

**Reiserekningar og pesonlege utlegg:** Krav sendast på e-post til tone.lin@forde-fotball.no vedlagt reiserekning og kvittering på utlegg. Reisekostnader godkjennast av dagleg leiar.

**Dommarrekningar:** Desse blir levert på e-post til per.oyvind.storevik@fordeidrettslag.no eller levert med signatur av lagleiar til dagleg leiar som betaler ut frå bankkonto 3700 05 14978.

På årsmøtet skal det fastsettast budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapen og skal følgje oppsettet i Norsk Standard kontoplan.

Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det vert dekt av positiv eigenkapital.

Fotballgruppa kan ikkje gi lån eller stille garantiar for lån dersom ikkje lånet eller garantien har sikring med trygg pant eller annan fullgod sikring. Sikring for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjeret.

Disposisjonar av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettslaget sin storleik og verksemd, også låneopptak, skal vedtakast av årsmøtet. Årsmøtet bør vedta eit særskilt fullmaktsreglement knytt til slike disposisjonar.

## 6. Kommunikasjon

**Kommunikasjonskanalar**

Klubben sine nettsider finn ein på forde-fotball.no. I tillegg har klubben ei heimeside for sportslige nyheter i Førdepatrioten, og me er på Facebook.

Klubben informerer internt via e-post, hoopit, spond og heimeside.

Informasjon om klubbdrift, rutinar og retningslinjer finn ein på klubbens offisielle heimeside. Der skal det til einkvar tid vera gjeldande informasjon, styringsverktøy og kontaktinformasjon oppdatert. Administrasjonen er ansvarleg for å oppdatere heimesida.

Nyheiter frå den sportslige aktiviteten finner du å Førdepatrioten. Der vil klubben legge ut saker frå seniorkampar, og andre lagsaktiviteter.

Facebook er meint som publiseringsverktøy som skal vise aktiviteten til klubben.

**Retningslinjer for sosiale medier**

Alle lag tilhørande Førde IL Fotball skal ikkje lage eigne sosiale medier-grupper utan at klubben er informert. Våre kommunikasjonskanalar skal begrense seg til Hoopit og spond. Der det er nødvendig å bruke andre medier, skal det avklarast med administrasjonen til klubben før dette blir gjort.

Alle grupper som opprettes tilknyttet aktiviteten til Førde IL Fotball skal ha minimum to – 2 – vaksne representantar frå klubben med som medlem. Det kan vera lagsroller eller klubbroller. Ingen som ikkje har roller i Førde IL Fotball kan oppretta grupper tilknyttet aktiviteten til klubben utan at klubben er involvert og inkludert.

I all kommunikasjon på sosiale medier skal fotballens og klubbens verdiar gjenspeglast. Me skal respektera motstandarar, dommarar og andre i vår kommunikasjon. Det er nulltoleranse for hets, diskriminering eller ana form for uønska atferd i noko form for kommunikasjon i regi av Førde IL Fotball.

## 7. Årshjul

På heimesida vår finn du årets årshjul tilgjengelig under fana «kvalitetsklubb». Sentrale og gjentakande arrangement du bør vera kjent med er.

**Januar**: Foreldremøter lag

**Februar**: Årsmøte fotballgruppa

**Mars**: Årsmøte Førde IL

**April**: Oppstart seriar

**Mai**: Opus cup

**Juni**: Tine Fotballskule

**Juli**:

**August**: Tine Fotballskule

**September**:

**Oktober**: Oppstart Åsen & Øvrelid Fotballakademi

**November**: Førde Cup

**Desember**:

## 8. Utdanning

Førde IL Fotball ønskjer kvalitet i alle ledd, frå frivillige, trenarar, styre med meir, for å kunne tilby gode tilbod til barn og ungdom. Kriteria for utdanning i kvalitetsklubbsystemet gjev følgjande føringar:

- Flertallet av klubbens styremedlemmer har minimum gjennomført Fotballederkurs 1
- Klubben har minimum en trener pr. lag i aldersgruppen 6-12 år som har gjennomført delkurs 1 i Grasrottrenerutdanningen
- Klubben har minimum en trener pr. lag i aldersgruppen 13-19 år, som har gjennomført minimum delkurs 1 og delkurs 3 i Grasrottrenerutdanningen
- Klubben har minimum en trenerveileder som har minimum Grasrottrenerutdanningen

Førde IL Fotball har ut frå det definert at klubben skal ha følgande kompetanseplan:

**Styret**

Alle i styret skal innen ett år i rollen gjennomføre FLK 1.

**Trenarar**

Alle som er trenarar i klubben skal ut frå det årskullet dei er trenar for imøtekomme kompetansekravet til klubbens lag. Klubben dekker kursavgift og tilbyr kurs i eigen klubb.

- Kompetansekrav 6 år: Delkurs 1 i grasrottrenarutdanninga.
- Kompetansekrav 7-8 år: Delkurs 1 og 2 i grasrottrenarutdanninga.
- Kompetansekrav 9-10 år: Delkurs 1,2 og 3 og i grasrottrenarutdanninga.
- Kompetansekrav 12 år: NFF Grasrottrenar
- Kompetansekrav 13-19 år: NFF Grasrottrenar, anbefalt UEFA B-lisens
- Kompetansekrav senior: UEFA B-lisens

Utover det skal trenarar delta på trenerforum. Sportsleg leiar og trenar- og spelarutviklar har ansvar for å tilrettelegge for jamnlege trenarforum i klubben. 3-5 ganger i året.

**Lagleiarar**

Alle lagleiarar får tilbod om, og anbefalast å gjennomføre FLK 1.

Lagleiarar skal delta på lagleiarmøter.

**Dommarar**

Klubben tilbyr klubbinternt klubbdommarkurs. Me oppfordrar vidare til å gjennomføra rekrutteringsdommarkurs, som klubben dekker.

# Klubbhåndbok
# Førde IL Fotball

## 9. Anlegg

Førde IL Fotball har som mål å tilby treningsfasilitetar som støttar arbeidet for å nå klubbens sportslege og sosiale målsetting.

Ein kan sjå kva aktivitet som er planlagt, ved å gå inn på anlegg på vår heimeside: https://fotball.fordeidrettslag.no/next/p/6957/nyheiter

Med mange utøvarar, kjem det eit stort behov for areal. Me må derfor jobbe aktivt gjennom klubb, Førde Kommune sin administrasjon samt lokale og eksterne politikarar for å legge tilhøva til rette på ein god måte.

Vi har to 11`ar baner i Hafstad Idrettspark, to 11`ar baner på Førde Stadion, fire 7`ar baner rundt i grendene samt grasareal som svarar til tre 7`ar baner i Hafstadparken.

- Førde stadion (gras)
- Førdehuset kunstgras 11ar
- Hafstadparken 1
- Hafstadparken 2
- Halbrend
- Haugum
- Slåtten
- Sunde

Alle som tar del i og er til stede på våre anlegg, må alle ta ansvar for å halda anlegga ordntlige og ryddige. Våre medlemmar skal gå foran som eit godt eksempel ovanfor våre besøkande.

Alle lag som benyttar garderobe på våre anlegg, skal rydde opp og forlata garderoben i ordentlig stand.

## 10. Heime og bortekampar

Å spela kamp mot lag fra Førde IL Fotball skal opplevast som kjekt. Me konkurrerar under kamp og sørger for at motstanders spelarar, trenarar, leiarar, tilskodarar og dommar(ar) blir behandla på ein god måte og med respekt. På heimebane skal me ivareta alle ved å vera på tilbudssida og behjelpelig, og på bortebane skal me innrette oss etter dens klubbs retningslinjer.

Hos Førde IL Fotball skal ein skal føla seg godt mottatt og ivaretatt som gjest på våre arrangement. Me har eigne retningslinjer for gjennomføring av heimekampar.

Dette er beskrevet under Fair play. Kampvert, foreldrevett og trenarvett er avgjerande. Sjå ellers beskrivelsane om dei ulike rollane i sportsplanen.

Kampvert skal vera tilstades på alle heimakampar, og utføra sine oppgaver i tråd med dei retningslinjene.

Vi i Førde IL Fotball skal ha gode arrangement. Det er derfor viktig at man har gjer følgande til kvar heimekamp.

**Før kamp**

1. Dagen før kamp sender du ein sms til dommar(ar) og motstandar. Du ynskjer dei velkommen til vårt anlegg og skriv adressa så dei finner fram.
2. Møt opp i god tid for å sikre at alt er ok med garderobar til dommar(ar) og begge lag.
3. Sjå til at ditt lag sitt utstyr er klart.
4. Ønsk dommar(ar) og motstandar velkommen og vis dei garderoben.
5. Sjå over innbyttarbenkar og at banen er klar

**Etter kamp**

1. Rydd innbytterbenkar
2. Takk motstandar og dommar for kampen
3. Sjå til at alle garderobar blir kosta og rydda etter bruk

Retningslinjer for køyring til kamp/turneringer i privat- eller klubbregi

- Planlegg turen, møt i god tid
- Ha ein ansvarleg reisekooridnator, dette er som regel lagleiar
- Køyr samla, både til og frå kamp
- Bruk erfarne sjåførar, lærekøyring og bruk av ungdom/eldre søsken skal ikkje førekomme
- Set av god til køyring til kamp og køyr til avtalt tid
- Bruk bilbelte
- Følg fartsgrensa
- Ikkje tekst eller snakk i mobiltelefon på veg til/frå kamp og turnering
- Alkohol/rus og bilkøyring er forbode

## 11. Trygge rammer

Førde IL Fotball skal tilby og skapa ein trygg og god kvardag for våre medlemmar og våre besøkande. Vårt anlegg skal vera ein trygg og inkluderande stad å komma til.

For at alle i og rundt vår aktivitet skal vera trygg har me tydelige varslingsrutinar. Opplever du noko uønska, ta kontakt.

### Varslinger

Opplever du uønsket atferd i regi av Førde IL Fotball har du flere muligheter til å ifrå:

Styreleder Lars Eivind Solnørdal
Fair play-ansvarlig Mariann Flo

Ønsker du å varsle til andre, anbefaler vi å varsle til:

- Hovedstyret
- NFF: https://portal.mittvarsel.no/skjema/varslingsportal-for-norges-fotballforbund/vdTr6sRZY9p7Plun.715
- NIF: https://www.idrettsforbundet.no/tema/varsling/jeg-vil-varsle/a-sende-inn-et-varsel/

I fotballgruppa blir varsler håndtert av styret og administrasjonen. Styret definerer to personer som får hovedansvar for dette arbeidet, også er daglig leder og sportslig leder involvert fra administrasjonen.

Følgende fire faser jobber varslingsgruppen ut fra, som er hentet fra NIF sin hjemmeside:
1. Motta

2. Avklare

3. Undersøke

4. Konkludere

## Retningslinjer og håndtering av uønska hendelser

**Retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep**

Alle har ansvar for å gripe inn og varsle ved brudd på retningslinjene. Styret i hvert idrettslag har ansvar for at retningslinjene er kjente og blir fulgt.

Seksuelle overgrep er brudd på Straffeloven (kap.26), og skal meldes til, og etterforskes av politiet.

Følgende retningslinjer gjelder i hele norsk idrett:

1. Behandle alle med respekt, og avstå fra alle former for kommunikasjon, handling eller behandling som kan oppleves som krenkende.
2. Unngå berøringer som kan oppleves som uønsket.
3. Unngå alle former for verbal intimitet som kan oppleves som seksuelt ladet.
4. Unngå uttrykk, vitser og meninger som omhandler utøveres kjønn eller seksuelle orientering på en negativ måte.
5. Tilstrebe å ha begge kjønn representert i støtteapparatet.
6. Unngå kontakt med utøvere i private rom uten at det er flere til stede eller det er avtalt med foresatte eller idrettsledelsen.
7. Vise respekt for utøverens, trenerens og lederens privatliv.
8. Unngå doble relasjoner. Dersom et gjensidig forhold etableres bør situasjonen tas opp og avklares åpent i miljøet.
9. Ikke tilby noe form for motytelse i den hensikt å forlange eller forvente seksuelle tjenester i retur.
10. Gripe inn og varsle dersom man opplever brudd på disse retningslinjene. Støtteapparatet (trenere, ledere, tillitsvalgte, funksjonærer, dommere, foreldre mfl.) har hovedansvar for at retningslinjene gjøres kjent og overholdes i organisasjonen/idrettsmiljøet.

**Rasisme og diskriminering**

Diskriminering er handlinger som direkte eller indirekte fører til forskjellsbehandling på bakgrunn av en persons kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion eller livssyn, seksuelle orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk eller andre diskrimineringsgrunnlag. Rasisme er diskriminering basert på personens etnisitet, nasjonale opprinnelse, avstamming, hudfarge eller liknende. Det er konsekvensen av handlingen som avgjør om den er diskriminerende eller rasistisk, ikke motivet bak handlingen.

# Klubbhåndbok
# Førde IL Fotball

Følgende overordnede prinsipper skal gjelde for håndtering av rasisme og diskriminering i idrettssammenheng:

- Idretten skal alltid reagere på rasisme og diskriminering.
- Alle i idretten har et ansvar for å reagere når de ser, hører eller registrerer rasisme og diskriminering. Hvis du ikke reagerer, støtter du i praksis handlingen.
- Det er konsekvensen av handlingen som avgjør om den er rasistisk eller diskriminerende. Det trenger ikke være et rasistisk motiv bak handlingen.
- Alle henvendelser om rasisme og diskriminering skal tas alvorlig.
- Rasisme og diskriminering skal alltid få en reaksjon. Denne vil variere, blant annet etter alvorlighetsgrad og om det er en gjentakelse.
- Idretten skal ta vare på alle involverte, og legge til rette for at håndteringen av saken ikke fører til unødvendig påkjenning for dem som opplever eller rapporterer om rasisme eller diskriminering.
- Idretten har et særlig ansvar for at den som har opplevd rasisme eller diskriminering opplever trygghet for å kunne fortsette med sin deltakelse i idretten.

**Mobbing**

Mobbing er ei negativ handling frå ein eller fleire, retta mot ein annan. Denne negative handlinga blir gjenteken, går føre seg over tid, og kan på denne måten bli ei systematisk krenking. Det er den som vert mobba som har rett til å definere om ein har blitt utsett for ei krenking, og det er trenarar og leiarar sitt ansvar å ta denne opplevinga på alvor.

Det følgjande er ein rådgjevande mal for korleis du kan ta opp konkrete tilfelle av mobbing i laget/klubben.

1. Ta tak i mobbesituasjonen med ein gong du vert merksam på den!
2. Snakk med den som er plaga, for å skaffe informasjon og gje støtte. Hugs at den som er mobba som regel underdriv.
3. Om det gjeld born: Snakk med foreldra til den som er plaga.
4. Snakk med den som mobbar. Om det er fleire som mobbar, snakk med dei éin om gongen. Sei frå at mobbing er uakseptabelt og må stogge straks. Sei frå at du kjem til å ta ein ny samtale om 2-4 veker, slik at du er tydeleg på at dette vert følgt opp frå di side.
5. Oppfølging. Mobbesituasjonen må følgjast opp til han stoggar heilt.
6. Søk råd og hjelp om du kjenner du treng det. Snakk gjerne med lærarar eller rektor på skulen/skulane utøvarane går på.

**Vold og trusler**

Følgende overordnede prinsipper skal gjelde for håndtering av vold og trusler i idrettssammenheng:

- Alle saker skal tas alvorlig
- Vold og trusler skal alltid få en konsekvens.
- Alle har et ansvar for at idretten følger opp vold og trusler.
- Vold som medfører kroppsskade og grove trusler skal alltid anmeldes til politiet.

- Idretten skal bidra til at politi og rettsvesen håndterer saker som gjelder vold og trusler best mulig, ved å informere politiet om hendelser og om nødvendig selv anmelde.
- Idretten skal aldri fraråde noen å anmelde en sak om vold og trusler til politiet.
- Idretten skal ta vare på de involverte, og legge til rette for at håndteringen av saken ikke fører til unødvendig påkjenning for dem.
- Idretten har et særlig ansvar for at den som har opplevd vold eller trusler opplever trygghet for å kunne fortsette med sin deltagelse i idretten.

## Revisjon

9. mars 2026 – Klubbdrift: Presisering av økonomi; premiepengar for turnering, påmeldingsavgift dekka av klubb og støtteordning.